

# FJELLVARSEL

INFORMASJON FRÅ FJELL VATN, AVLØP OG RENOVASJON AS • NR 3 • SEPTEMBER 2016

rein vekst



FJELLVAR  
VATN AVLØP RENOVASJON

## NYTT SAMARBEID MED FRETEX



# Gamle tekstilar er ikkje restavfall!!

Tekstilar kan gjenbrukast, men mange er ikkje klar over at også slitne og øydelagde tekstilar kan gjenvinnast. I eit forsøk på å få meir tekstil ut av restavfallet inngår FjellVAR no eit samarbeid med Fretex for innsamling.

**LES MEIR OM ORDNINGA PÅ NESTE SIDE**



# Innsamling av tekstilar

Alle husstandar i Fjell kommune får tilsendt to posar til innlevering av tekstilar. Den eine posen er til slitne eller øydelagde tekstilar. I den andre posen legg du alt av tekstilar som kan vere aktuelt for gjenbruk slik det er. Tekstilar skal vere reine og tørre.

**Begge posane skal kastast i eit av Fretex-skapa som står på ulike plassar i kommunen, eller på gjenbruksstasjonen.**

Gjenbruk av tekstilar er bra for miljøet. Tal fra Østlandsforskning stadfestar dette. Dei har rekna ut at ved å gjenbruke 1 kg tekstil sparar vi miljøet for utslepp av heile 11 kg CO<sub>2</sub>, ein halv liter kjemikaliar og nesten 2 500 liter vatn som ville blitt nytta til produksjon av nye tekstilar.




## Status for innsamling av hushaldningsavfall

FjellVAR får ein del telefonar om manglande henting. Om bosset ditt ikkje blir henta på tømmedagen, er det viktig at du sender melding til FjellVAR allereie neste dag.

Ta helst kontakt via [www.fjellvar.as](http://www.fjellvar.as), send e-post til [postboks@fjellvar.as](mailto:postboks@fjellvar.as) eller ring til sentralbordet vårt, **56 31 59 30**.

Du kan òg bruke [tømmeappen vår](#). Då får du dei oppdaterte tømmetidene samt varsel i forkant av tøming. Last ned frå AppStore eller Google Play.

På stader der mange set ut spanna sine saman, ønskjer vi oss ei grovdeling av bospanna. Dette vil forenkla mykje av arbeidet med henting av bosset.



## Vi held fram med å merke alle avfallsspann i kommunen

Merkinga knyter spannet ditt til den tømmeavtalen du har med oss. Systemet vil no gjøre det mogeleg å sjekke når ditt spann sist blei tømt. Om du manglar etikett på spanna dine, kan du gjerne ta kontakt med oss, så kjem vi ut og merker.

## Treng du nye bioposar eller sekker til plast?

Knyt ein blank plastpose på matavfallsspannet ditt, så får du utelevert ein rull med bioposar til matavfall. Treng du plastsekker til hushaldningsplasten, legg du ein lapp på papirspannet ditt. Du kan òg få bioposer og plastsekker hos oss i Lonavegen 20.

# Verdifull næring til hagen

I sommar har FjellVAR utført tilsyn med kompostbingane i kommunen. Du har kanskje møtt våre tilsette?



Tilsynet avdekte at mange har manglende oppfølging av kompostbingen sin. Vi minner om at vi held kurs i kompostering kvart år.

Viss du er interessert i kurs, må du ta kontakt med oss. Vi i FjellVAR er opptekne av at flest mogeleg skal halde fram med heimekomposteringa. Komposten er verdifull næring i hagen, og vi reduserer klimabelastninga ved å nytte avfallet der det oppstår, i staden for å samle det inn.

## Dette kan du kompostere

- kjøt- og fiskerestar
- frukt- og grønsaksrestar
- kaffigrut, kaffiposar og teposer
- brød og kakerestar
- saus, suppe og grautrestar
- eggeskal og rekeskal
- andre matrestar
- tørkepapir og papirserviettar (ikkje farga)
- planterestar som ikkje er handsama med gift

Haavard Telle og Mathilde Alvsvåg fra FjellVAR oppfordrar husstandar med eigen hage å heimekompostere.

## Kompostbingar

Om du ønskjer å slutte med heimekompostering, kan FjellVAR kjøpe din gamle Cipax-binge. Vi betaler 500 kr for bingen om han er i god stand.

**Brukte kompostbingar blir selde ut igjen til kundar som vil starte med heimekompostering. Kontakt oss viss du ønskjer å kjøpe ny eller brukt bing.**

## Innsamla matavfall blir til biogass



Matavfallet skal ikkje kastast i restavfallet. Matavfall er ein stor ressurs, og det er viktig for oss i FjellVAR at vi tar best mogeleg vare på energien og næringssstoffa i matavfallet. Dette er viktig sjølv om du ikke komposterer heime.

Visste du at det matavfallet som du leverer til oss, blir til biogass? Dette er med på å redusere bruken av fossilt brennstoff. I tillegg blir det verdifulle biorestar igjen etter produksjonen av biogass. Desse kan gå inn igjen i krinsløpet.

Vår leverandør som henter inn matavfallet i kommunen gjev dagleg tilbakemelding på kundar som ikkje bruker bioposar. Alle avvik på abonnentar blir registrert. Vanlege plastposar skal ikkje nyttast, då det øydelegger for komposteringa.

**FjellVAR vil spesielt oppfordre alle burettslag til å sjå nærare på si utsortering av matavfall. Ta kontakt om dere ønskjer meir info eller hjelp frå FjellVAR.**

## AvtaleGiro/eFaktura

I nettbanken din kan du inngå avtale om AvtaleGiro eller eFaktura.

Du kan også skrive e-post til [postboks@fjellvar.as](mailto:postboks@fjellvar.as), så sender vi deg grunnlag for AvtaleGiro.

### VINNARE AV KONKURRANSE

## Landets rimelegaste renovasjon

Av forslaga som kom inn, var desse nærmest FjellVAR sitt gebyr på kr 2 714.

### Askvoll kommune med kr 1859

(FjellVAR har i tillegg innsamling av matafall og plast.)

### Time kommune med kr 2260

(Time har innsamling av restavfall kvar 4. veke, og FjellVAR hentet dermed dobbelt så ofte.)

### Sandnes kommune med kr 3263

(Har lik innsamling som FjellVAR, men kr 549 meir i gebyr.)

Vi takkar for innspela og premierer dei som kom nærmast, med to kinobillettar. Det er;

**Egil Frøyen, Irene Belt Friborg og Even Nygård.**

## Hytte-renovasjon

Hyttecontainerar er utplasserte for hytte-eigarar. FjellVAR får ein god del tilbakemeldingar om at fastbuande også bruker hyttecontainerane til sitt avfall. Dette er sjølv sagt ikkje ei god løysing, sidan kapasiteten i dei ulike områda er tilpassa talet på hytter.

### Vintertid på gjenbruksstasjonen

Frå og med laurdag 15. oktober innfører vi vintertid på gjenbruksstasjonen.

#### Opningstider:

Laurdag 10-15

Mandag, torsdag 10-19

Tysdag, onsdag, fredag 10-15

Vintertida gjeld ut februar 2017.

## Ny skilting på gjenbruksstasjonen

Det er sett opp nye skilt på gjenbruksstasjonen, slik at det skal bli enda enklare å finne riktig container.

Desse fraksjonane er det gratis å levere på gjenbruksstasjonen:

- elektronisk avfall
- farleg avfall
- papp/papir
- ting til bruktbua



Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon!



**FJELLVAR**

VATN AVLØP RENOVASJON

### Fjell vatn, avløp og renovasjon AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Telefaks: 56 31 59 31



Vakttelefon: 917 29 717

E-post: [postboks@fjellvar.as](mailto:postboks@fjellvar.as)

[www.fjellvar.as](http://www.fjellvar.as)

